



Vestnes kommune

Kommuneplanen
sin handlingsdel med økonomiplan

2018-2021

Årsbudsjett 2018

1.behandling i kommunestyret oktober 2017

Innhold:

Innleiing	side	3
Visjon for Vestnes kommune	side	4
Kap 1 Måloppnåing - kommuneplanen sin samfunnsdel	side	5
Kap 2 Kommuneplanen sin handlingsdel 2018 - 2021		
2.1 Vestnessamfunnet som eit heile	side	6
2.2 Dei kommunale tenestene		
2.2.1 Administrasjon	side	7
2.2.3 Barnehagane	side	8
2.2.4 Grunnskulen	side	9
2.2.5 Barn, ungdom og familie	side	10
2.2.6 Helse og omsorg	side	11
2.2.7 Bu- og habiliteringstenestene	side	12
2.2.8 Kvalifisering og integrering	side	13
2.2.9 Kulturskule, frivilligsentral, bibliotek	side	14
2.2.10 Eigedomsdrift	side	15
2.2.11 Tekniske tenester	side	16
2.3 Kommunen som arbeidsgjevar	side	17
Kap 3 Økonomiplan 2018 – 2021		
3.1 Inntektsnivå, handlingsrom mm	side	18
3.2 Nasjonale føringar	side	18
3.4 Forventa driftsutfordringar i perioden	side	19
3.5 Investeringar i perioden	side	21

Innleiing:

Vestnes kommune har dei siste åra arbeidd for å få ein samanheng i dei kommunale styringsdokumenta. Kwart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:

- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf Plan- og bygningslova § 11-1
- Økonomiplan, jf kommunelova § 44
- Årsbudsjett, jf kommunelova § 45

Korleis kan ein få ein brei politisk debatt ved behandling av desse dokumenta? Erfaringa er nok at debatten raskt blir knytta til neste års økonomiske utfordringar dersom årsbudsjett og økonomiplan blir lagt fram samstundes i desember. Dei siste åra har økonomiplan og kommuneplanens handlingsdel blitt lagt i same dokument.

Vi erfarer no at ein del kommunar behandlar alle desse dokumenta i eitt felles strategidokument om hausten. Administrasjonssjefen ser at dette kan vere ein effektiv måte å behandle styringsdokumenta på i ein liten administrasjon. Føresetnaden er nok at ein då behandlar dokumentet i fleire runder. Første runde blir då hovudsakleg ein tekstdel. Sidan blir dokumentet utvida med ein taldel.

Behandlinga blir då slik:

Del 1 Oktober:

- Kommuneplanen sin handlingsdel 2018 – 2021 (tekstdel)
- Økonomiplan 2018 – 2021 (tekstdel)
- Budsjettførebuande tekster med utfordringar og prioriteringar

Del 2 November/desember:

Strategidokumentet blir supplert med

- årsbudsjett (drift og investering)

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i kommunestyret den 18. desember

Strategidokumentet skal behandlast i formannskap og kommunestyret, men bør også bli lagt fram for AMU, rådet for funksjonshemma og Eldrerådet.

Føreliggande dokument er del 1

Vestnes "midt i blinken"

I kommuneplanen sin samfunnsdel er
"Vestnes – midt i blinken"
stadfesta som kommunen sitt ønska framtidsbilete, vår visjon.

Ein *visjon* kan definerast som eit bilete av ein framtidig, ønska tilstand.

"Midt i blinken" kan sjåast som ein reint faktisk geografisk fordel, midt i fylket.

1. Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes til eit naturleg val både for busetting og nyetableringar i næringslivet.

"Midt i blinken" kan også sjåast i meir overført tyding:

2. Det er "midt i blinken" å etablere næring i kommunen. Vestnes kommune er ein aktiv medspelar overfor næringslivet.
3. Det er "midt i blinken" å bu og leve i Vestnes med rikt kulturliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald.
4. Vestnes kommune er "midt i blinken" for alle som er glade i natur- og friluftsliv. Kommunen legg til rette for eit aktivt friluftsliv med lett tilgjengelege naturområde. Dette er eit viktig bidrag til kommunens folkehelsearbeid.
5. Vestnes er "midt i blinken" som arbeidsgjevar og er ein serviceinnstilt, løysingsorientert og imøtekomande kommune.

Kap 1 Måloppnåing – kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken av Vestnes kommunestyre 12.februar 2015.

Sjå: http://www.vestnes.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1425/epdd_id/3467

Planen har 7 fokusområde med mål og strategiar, samt oversikt over målretta investeringar.

Dette har vi oppnådd:

1. **Næringsutvikling:** God kontakt mellom politisk leiing og næringsliv i aktuelle saker. Planutvalet bevisst på tilrettelegging for småskala reiseliv. Vikebukta næringsområde ferdig til bruk. Vidareutvikling av næringsområda på Vik, Skorgenes, Misfjordskogen er i gang. God breibandsdekning. Sentrumsutviklingsprosjektet godt i gang; Vedtak om ny reguleringsplan og utbygging av Sjøfronten del 1 er på plass.
2. **Busetting og oppvekst:** «Fiber til alle». Ferdige reguleringsplaner for nye bustadområde i heile kommunen; Bakneset og Fagerbakken under utbygging. Aktiv barnerepresentant og Ungdomsråd. Målretta innsats for kvalitet og trivsel i skulen. Ny felles ungdomsskule under planlegging. Tomrefjord Idrettsbygg vedtatt rehabilitert.
3. **Kultur og fritid:** Stor aktivitet i frivillige lag og organisasjonar = attraktivitet og trivsel. Nye lokalar for kulturskulen tenkt plassert i gamal ungdomsskule når ny blir realisert. Folkebiblioteket vedtatt plassert i nytt helsehus.
4. **Folk, helse og omsorg:** Prinsippvedtak om nytt helse- og velferdssenter er gjort. Dei fleste (12 punkt) mål og strategiar representerer tiltak det må arbeidast kontinuerleg med. Ny tursti Skorgenområdet under utbygging.
5. **Det internasjonale Vestnes:** Opplæring i norsk språk og det norske samfunnet til ulike grupper innvandrarar, samt deltaking i frivillige organisasjonar, tilrettelegg for god integrering.
6. **Samferdsel og pendling:** Hurtigbåt og Timekspresen består og ferjene får 20-min. avgangsintervall frå neste anbudsperiode. Utvikling av E39 og E136 går vidare med lokalt engasjement/medverknad. Buktavegen og Kjersemfjellvegen under utbetring.
7. **Klima, miljø, beredskap:** Potensialet for småkraftverk er godt utnytta. Urelva er neste aktuelle prosjekt. Sprov gjenstår av dei som er nemnt i kommuneplanen. Bevisst i planlegginga på utnytting av grunnlagsinvesteringar og avgrensing negative konsekvensar for verdifulle natur, kultur og miljøkvalitetar. Politireforma – Vestnes beheld lensmannskontor. Godt oppdatert brannvesen og beredskapssjef. Legevakt – nye krav til akuttberedskap utanfor sjukehus kan sette legevakt under press.

Dette har vi ikkje oppnådd:

1. **Næringsutvikling:** Framtida for Furneset som potensielt næringsområde er uavklart, noko som har samanheng med at ferjefri fjordkryssing truleg ligg litt fram i tid.
2. **Busetting og oppvekst:** Heilårsopne barnehagar. Ikkje rikeleg med plassar. Bygge ut bustadfelt fleire stader.
3. **Kultur og fritid:** Kulturskule og bibliotek blir ikkje samlokalisert.
4. **Folk, helse og omsorg:** Mislykkast med å få til avtalar om å etablere tursti langs fjøra i Tomrefjord. Ikkje kartlagt om tilbodet til heimebuande demente er styrka.
5. **Det internasjonale Vestnes:** utfordrande for innvandrarar å få tilsetning i ordinært arbeidsliv og bli inkludert i bygdelaga. Dette kunne ha motverka utanforskap.
6. **Samferdsel og pendling:** Kjersemfjellet ikkje utbetra på Sunnmørs-sida og har heller ikkje blitt fylkesveg. Fortsatt dårleg kommunikasjon Moldeferja – morgonfly.
7. **Klima, miljø, beredskap:** Lite fokus på den pålagte miljø- og klimaplanen. Ikkje fleire ambulansar = sårbart ved transportoppdrag. Styrka føreb. arbeid mot ekstremvær.

Kap 2 Kommunepånen sin handlingsdel 2018 - 2021

Kap. 2.1 Vestnessamfunnet som eit heile

Mulegheiter i planperioden:

1. Vestnes ligg midt i fylket. Denne sentrale plasseringa gjer at vi kan nytte slagordet: «Vestnes – midt i blinken». Dette gir oss mulegheit på alle samfunnsområde.
2. Vidareutvikle næringsområda i kommunen og evt etablere fleire.
3. Fullføre sentrumsutviklingsprosjektet og dermed auke attraktiviteten til kommunen. Utnytte mulegheitene som «den 4. arma i rundkøyninga» kan gi.
4. Realisere nyleg regulerte bustadfelt og dermed ha tilbod i alle delar av kommunen.
5. Realisere nye, meir eigna lokalar og lokalisering for kulturskolen. Vidareutvikle folkebiblioteket som kulturarena og sosial møteplass.
6. Ny felles ungdomsskule skal gi Vestnessamfunnet ein framtidsretta skule.
7. Nytt helse- og velferdsenter vil gi betre utgangspunkt for å gi innbyggjarane gode tenester i tilrettelagte lokalar.
8. «Vestnes midt i blinken» - utnytte sentral beliggenheit for å gjere kommunen endå meir attraktiv for busetting. Gode kommunikasjonar mot omlandet. Kommunen bør profilere seg som pendlarkommune. (?)
9. Redusert arbeidsgjevaravgift gjer kommunen interessant for næringslivet.

Utfordringar i planperioden

1. Den store politiske utfordringa blir å utnytte den sentrale plasseringa i fylket til å skape vekst og utvikling. **Kommunereforma**, med èi stor regionkommune i nord, og èi i sør, kan auke faren for at Vestnes ikkje blir midt i blinken, men «midt i mellom».
2. **Næringsutvikling**: Statens vegvesens uavklarte planar for vidareføring av ny E39 sørover frå Vik hindrar vidare utvikling av det viktige Vik Industriområde (Trohaugen).
3. **Einsidig næringsstruktur** kan gi Vestnessamfunnet utfordringar. Periodevis høg arbeidsløyse.
4. **Arbeidsgjevaravgifta** blir regulert på ny i 2020-2021.
5. **Samferdsel og pendling**: Betre publikumstilpassa ferjeavgangar. Endre status for Kjersemfjellvegen til fylkesveg. Ny trafikktryggingssplan.
6. **Busetting og oppvekst**: Auke tilflytting, folketal og barnetal. Folketalet redusert i bygdene i kommunen. Prioritere barn og unge familiar ved full barnehagedekning og evt heilårsopne barnehagar, gode kultur- og fritidstilbod, eit urbant kommunesenter i vår målestokk, samt mulegheit for å bygge i og bu i alle delar av kommunen.
7. **Internasjonale Vestnes**: lukkast med integrering gjennom målretta arbeid der heile samfunnet deltek.
8. **Klima, miljø, beredskap**: Nok midlar til vedlikehald av infrastruktur og førebygging av skader som følgje av ekstremvær og andre hendingar som kan truge samfunnet.

Kap 2.2.2 Sentraladministrasjonen inkl servicekontor og politisk sekretariat

Muligheter i planperioden:

- Nærheit til tenestemottakarane/innbyggjarane
- lokalkunnskap
- utvikle nye tenester
- nytenking- andre måter å gjere ting på
- rasjonalisering/ gevinstrealisering.
- digitalisering
- opplæring og kompetanseheving
- e-læring

Utfordringar i planperioden

- kompetanse, grunna konkurranse i markedet, få søkjarar, små fagmiljø
- rekruttering
- økonomi, utfordrande kommuneøkonomi
- fagmiljø, få fagpersonar innan kvart fagfelt
- bemanning,
- sårbarheit på bemanning, fag og økonomi
- småkommunen: Dei store kommunane reiser med ressursane
- sentrale føringar: ukjente faktorar, men vi veit at kommunen blir pålagt fleire oppgåver

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- kompetanse
- rekruttering
- digitalisering

Kap 2.2.3 Barnehagane

Muligheiter i planperioden:

- Lage ein strategi for å rekruttere barnehagelærarar innanfor eigen sektor med gode lokale tilretteleggingstiltak kombinert med tiltak via UDIR. (endra pedagognorm).
- Ny revidert kompetansestrategi frå Kunnskapsdepartementet 2018-2022. Nytte oss av vidareutdanningstilboda frå UDIR, heilt frå grunnkompetanse til mastergrad.
- Ny rammeplan og ny kompetansestrategi skal implementerast. Det blir utlyst midlar frå Fylkesmannen til dette arbeidet. Vi må nytte oss av dette for å utvikle kvaliteten.
- Gjennom nye forskrifter og strategiar er det auka faglege forventningar og krav, og meir forplikting til personalet, t.d gjennom auka digitalisering.
- Å utvide to småbarnsavdelingar ved Helland barnehage for betre barnehagedekning.
- Fortsette det gode samarbeidet med dei to private aktørane i sektoren.
- Vidareutvikle dei gode møteplassane vi har gjennom tverrfaglege team.
- Mange nyttar seg av ordningane med redusert foreldrebetaling basert på inntekt.
- Alle med rett til barnehageplass etter lova må fortsatt bli tilbydd plass.

Utfordringar i planperioden:

- Store endringar i barnehagesektoren, nokre er fortsatt på høyring, andre er vedtekne:
 - 3-åringen skal reknast som storbarn frå august det året barnet fyller 3 år. Økonomisk konsekvens og ein ventelistekonsekvens.
 - Retten til barnehageplass er utvida til å gjelde barn født i oktober og november. Vi må bemanne frå august.
 - Ei endring i pedagognorma kan føre til at vi treng 5-6 nye barnehagelærarar.
 - Minimumskrav til grunnbemanning er på høyring. Lovfesting av 3 årsverk pr. 18 store barn og 9 småbarn. Økonomisk konsekvens og ein ventelistekonsekvens.
- Å rekruttere nok barnehagelærarar dersom ny pedagognorm blir vedtatt.
- Etterspørsel etter barnehageplass større enn vi kan oppfylle. Stettar kravet i lova, men utfordringar med fortløpande opptak og tilflytting.
- Å tole svingningane i barnetala.
- Å kunne møte alle krav og forventningar, og ønskje frå dei tilsette om å vere fagleg oppdaterte og få ta del i utviklingsarbeid. Dette er skjert ned til eit minimum pga økonomi. Å redusere overtida er ei utfordring for kvaliteten. Knaptheit på vikarar.

Sektoren rår kommunestyre til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Leigeavtalen med Gardstunet barnehage går ut i 2022. Kva gjer vi vidare?
- Korleis etablere fleire barnehageplassar. (Kort- og langsiktig)
- Etablere/evt utvide kommunal barnehage i Tomrefjord distriktet.
- Sommaropne barnehagar/barnehageavdelingar
- Betre rammer til å kunne drive utviklingsarbeid slik at det blir betre kvalitet i sektoren. T.d personalmøter på kveldstid og frikjøp av ubunden tid til barnehagelærarar.
- Vidareføre satsinga på IKT utstyr i sektoren.
- Det gir muligheiter, men det er og ei utfordring å vere barnehage i eit oppvekstsenter.

Kap 2.2.4 Grunnskulen og PPT

Muligheter i planperioden:

- **Digitalisering:** Det har dei seinare åra vore ei rivande utvikling innanfor IKT-feltet. Nye digitale ressursar gir muligheit til variasjon og vil gi oss nye verkemiddel for ei betre tilpassa undervisning. Digitale hjelpemiddel kan også vere til god hjelp og betre spesialundervisninga. Både skulen og PP-tenesta må gis moglegheit til å nytte desse ressursane.
- **Rekning i alle fag:** Dette er skulane sitt nye utviklingsområde. Ved hjelp av denne satsinga håper vi at elevane lettare skal sjå samanhengane i faget. Elevane skal møte rekning i alle fag, der rekning er ein naturleg del av faget.
- **Tidleg innsats:** Dette er ei nasjonal satsing. Det er eit ønskje om å setje inn ressursar tidleg for å gje elevane ein god start på skulegongen. Ein håpar med denne satsinga å auke læringsutbytte og gje den enkelte ei betre tilpassa opplæring. Dette vil motverke at elevane får problem seinare i utdanningsløpet. Eit godt samarbeid mellom skulen og PP-tenesta blir viktig i dette arbeidet.

Utfordringar i planperioden

- **Rekruttering/kompetanse:** Det er vanskar med å rekruttere nok lærarar med godkjend utdanning. Det er generelt for få søkjarar til ledige undervisningsstillingar og vi må sjå nærare på kva vi kan gjere for å betre rekrutteringa. Dei same utfordringane knytt til rekruttering har ein ved PP-kontoret også. Det har kome kompetansekrav til lærarar som skal undervise i norsk, engelsk og matematikk. Dette gjer at mange lærarar må ta vidareutdanning, for framleis å ha undervisningskompetanse i desse faga.
- **Tidleg innsats:** Kommunane får økonomiske overføringar for å gjennomføre denne satsinga. Det er ei utfordring for kommunen og skulane å bruke desse midla målretta og utvikle tiltak som gir betre tilpassing og kvalitet i opplæringa.
- **Gje eit godt opplæringstilbod til elevar med samansette vanskar:** For å gje denne gruppa elevar god tilpassing må skulen samarbeide godt med dei ulike hjelpetenestene. Tiltak må utviklast saman med hjelpetenestene gjennom godt tverrfagleg arbeid.
- **Elevtalsutvikling:** Kommunen har over mange år hatt nedgang i elevtalet. Frå skuleåret 2012/2013 har elevtalet blitt redusert frå 755 til i underkant av 700 ved skulestart hausten 2017. Spesielt urovekkande er elevtalsutviklinga ved oppvekstsentra. Prognosane for skuleåret 2017/2018 viser at Tresfjord oppvekstsenter då vil ha 27 elevar medan Fiksdal oppvekstsenter vil ha 40.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Vidareutdanning for å stette kompetansekrava innan 2025
- Vidare satsing på digitalisering

Kap 2.2.5 Barn, ungdom og familie

Muligheter i planperioden:

- Eininga har brei kompetanse med ulik profesjonsbakgrunn og lang yrkeserfaring, der tenesteyting i eit familieperspektiv inngår
- Tenesteproduksjonen kan bli meir effektivisert og kvalitetssikra gjennom formalisering av rutinar og utøving av tverretatleg kommunal tenesteyting. Heilskapleg tenesteyting ved fleirfagleg fokus på tvers i eininga med eit livsløpsperspektiv vil kunne gi betre ressurs- og kompetanseutnytting. Prinsippet om tidleg intervensjon og brukarmedverknad gjeld i alle fasar og ledd i tenesteproduksjonen.
- Få til betre langtidsplanlegging (både økonomi, fag, tiltak), særleg i overgangen 16-20 år, der det er kjent for kommunen at personar har behov for samansette, koordinerte og langvarige tenester. Erfaring viser at dette årleg i gjennomsnitt gjeld om lag to unge vaksne. I tillegg fokusere på samarbeidsrutinar der tenestemottakarane har bruk for teneste i ein kortare periode og dei med akutte tenestebehov.
- Alle tilsette i eininga har arbeidsoppdrag knytt til lågterskeltilbod, lovpålagte oppgåver og etter tenestevedtak, og dette bør være hovudarbeidet framover i tillegg til dei personane med samansette behov.

Utfordringar i planperioden:

- Samarbeidet mellom Spesialisthelsetenesta og kommunen kan vere utfordrande, særleg i enkeltsaker der det er samansette behov og lågfrekvent problematikk. Avtalebasert veiledning og hospitering av personal begge vegar vert ikkje godt nok nytta.
- Vi må arbeide meir systematisk gjennom kompetanseplan for å skaffe naudsynt fagkompetanse til å møte dei skisserte utfordringane som ventar i framtida.
- Vi ser med uro på utfordringar innan barnevern der ny lovendring er venta å gi store utfordringar i høve til gjennomføring av tenestene- store manglar ifht hjelpetiltak. Dette medfører stort behov for kjøp av tiltak så lenge kommunen ikkje har tiltaka sjølv. I økonomisk samanheng vert det signalisert at endringar i økonomiske refusjonar vil gå ned. Dette vil kunne medføre vesentleg auke i kommunale utgifter.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- I eining for barn, ungdom og familie vil vi sette fokus på framtida sine merkbare endringar rundt at kommunen skal drifte, samordne og koordinere fleire komplekse og spesialiserte oppgåver. Eininga får meldt fleire høve der personar treng praktisk bistand som m.a hjelp til butrening. I enkelthøve vert det også skissert behov for tilrettelagt bustad med døgkontinuerlig oppfølging. I eit økonomisk perspektiv må ein ta høgde for at enkeltindivid vert teke vare på i denne samanhengen.
- At det vert innvilga nok stillingsheimlar til å ivareta tenesteportefølja innan områda som eininga skal tilby, samt at det vert innvilga økonomiske midlar til opplæring.
- Når det gjeld barnevern, vil det vere naturleg å tenke at ein for framtida må sjå på andre løysingar for organisering dersom ein skal greie å imøtekomme lovkrav til tenesteytinga etter innføring av ny barnevernlov. Viser for øvrig til tidlegare sak i kommunestyre og saksutgreiing vedrørande tenestesamarbeid og administrasjonssjefen sitt mandat til å arbeide vidare med interkommunale ordningar for heile eller delar av barneverntenestene.

Muligheter i planperioden:

- Bygging av nytt helse- og velferdssenter med fokus på ein eldrepolitikk med aktivitet, integrering og førebygging. Vridning av tenestetilbod frå institusjon til heimebasert
- Gjennom bruk av Velferdsteknologi bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser. Dette kan også bidra til at brukarane med behov for helse- og omsorgstenester kan bu lengre heime
- Organisasjonsutvikling – arbeids- og pasientflyt
- Vidareføre tilbod om avlastning både i heim og institusjon.
- Fokus på ernæring i tråd med nasjonale føringar. Ernæringstiltak tilpassa den einskilde sine behov. Innovasjonsprosjekt som vi har fått statleg støtte til.
- Lokal auka kompetanse gjennom ulike program og ordningar (praksisopplæring , E-læring , Kompetanseløftet og andre tilskotsordningar)
- Vidareutvikle aktivitet og dagtilbod
- Utvikle samarbeidet med frivilligeita gjennom Frivilligsentral, lag og organisasjonar
- Interkommunalt samarbeid gjennom nettverksarbeid og prosjekt
- Vidareføring og styrking av elektronisk kommunikasjon, internt mellom samarbeidspartnarar i kommunen og utanfor

Utfordringar i planperioden

- Interkommunal legevakt.
 - nytt krav i akuttmedisinsk forskrift, fom mai 2018 skal lege på legevakt inneha vaktkompetanse (spesialitet i Allmenmedisin med tilleggskurs). Om ikkje legen har det, krev ein bakvaks funksjon med spesialitet.
 - eventuelle konsekvensar ved kommunesamanslåing 2020 – Nye Ålesund
- Auka akuttmedisinsk behov pga tidleg utskrivning frå sjukhus
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov. Samarbeid på tvers
- Utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. (Kvardsrehabilitering / kapasitet fysikalsk behandling)
- Kompetanse – behalde og rekruttere (fag og IT kompetanse)
- Omsorgsplan / rullering
- Behov for auka formidling av hjelpemiddel
- Organisasjonsutvikling / arbeids- og pasientflyt

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Velferdsteknologi / personalresurs, investering og utprøving (m.a. fullføre utskifting av analoge trygghetsalarmer til digitale)
- Dagaktivitet
- Rekruttering / fagkompetanse

Kap 2.2.7 Bu- og habiliteringstenestene

Muligheter i planperioden:

- Fagmiljø i utvikling, starta fast møtestruktur mellom miljøterapeutane. Auke det tverrfaglege miljøet
- Kontinuerlig utarbeiding og revidering av rutinar og prosedyrar som skal være felles.
- Internkontroll / Risk Manager. Felles tilgang til dokument og rutinar, betre kontroll.
- Staben er auka; jf kommunestyrevedtak om redusert leiarspenn. Meir nærvær i bustadane, være tettare på i faglig og administrativt arbeid. Oppfølging av tenesteytarar i bustad.
- Ha tettare samarbeid med spesialisthelsetenesta, samarbeidsavtalar/ behandlingsplaner.
- Unge nye tenestemottakarar, mulighet for faglig input / ny læring
- Kreativitet i tenesteyting, nye løysningar i fht teneste mottakar, turnusendringar, nye modeller

Utfordringar i planperioden

- Rekruttering av kompetanse, krav i lov.
- Ulike kulturar
- Gjere nyutdanna tenesteytarar trygge i si faglige rolle
- Blir sett høge krav til tenesteyting, både i praksis og i formaliteter
- Nye brukargrupper, unge med ulike behov
- Aldringsproblematikk, auka ressursbehov
- Korleis løyse utfordringane med enkeltståande bustader som blir ledige i bufellesskap.
 - Tenestemottakarar må flytte
 - Andre brukargrupper
- Høg gjennomsnittsalder på tilsette
 - Sjukefråvær, tilretteleggingsbehov
- Aktivitetstilbod, kjøper tenester av private
- Dokumentasjonskrava; IKT- utfordringar, få maskiner, mange som skal gjennomføre på same tid, utfordrande å motivere tenesteytarar til å gjennomføre nødvendig dokumentasjon.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Krav til bemanning / kompetanse (lovkrav)
- Meir bruk av spesiell tilrettelegging
- Bustader treng tilrettelegging/tilpassing /ombygging ut frå behov til bebuaren. Behova er i endring, både hos unge og eldre.

Kap 2.2.8 Kvalifisering og integrering

Muligheter i planperioden:

- Eininga har brei kompetanse på fagfeltet. Det gjer det mogleg å gje opplæring i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakargrupper (alfa, spor 1 og 2/3), grunnskule og spesialundervisning for vaksne samt dekkje prioriterte tema i intro-programmet
- Systematisk arbeid med individuell plan (IP) gir muligheter for godt tilpassa løp fram mot aktuelle yrkes – og utdanningsløp. Det er tilrådd at NAV skal kome inn med rettleiing ved revidering av individuell plan, og det kan opne nye muligheter.
- Utvikle lokalsamfunnet med mål om inkludering for alle og hindre utanforskap ved systematisk tverrfagleg samarbeid internt og m.a. med frivillige organisasjonar
- Tettare samarbeid med næringslivet og Næringsforum kan m.a. gje lettare innpass i det ordinære arbeidslivet og hjelp til etablering av eige verksemd
- Oppnå betre resultat for dei som har lite skulebakgrunn og andre utfordringar gjennom tidlig koordinert innsats frå EKI og NAV; - vurdere spesielt tilpassa løp i nav

Utfordringar i planperioden

- Ha system for å avdekke kompetanse tidleg og nytte hurtigspor der det er mulig
- Vidaregåande skule må utvikle tilpassa tilbod til vaksne innvandrarar
- Korleis arbeide saman for å oppnå ordinært arbeid for flest mogleg? Leige/ eige hus?
- Den enkeltes og lokalsamfunnets bidrag til integrering og inkludering
- Økonomiske rammer i ei ny tid, sjå nedanfor.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- **Økonomi:**
Flyktningtenesta: IMDI har varsla lågare busettingstal frå 2018. Vestnes kommune har vedtatt å busette 15, men det er usikkert om ein får bosome og kva talet vil bli. Integreringstilskot frå staten vil gå ned ved lågare busettingstal, og utgiftene på området må reduserast tilsvarande.
Vaksenopplæringa: Vertskommunane for asylmottak har store økonomiske utfordringar i etterkant av nedlegging då ein i 2017 må betale tilbake persontilskot til norskopplæring i mottak. Korrigeringsane skjer utover i året, og med låg busetting tar det tid. Kommunen har ansvaret for å gi opplæring, så den kommunale delen av budsjettet til vaksenopplæring aukar. Det er elles ei tilpassing til normalsituasjonen då all opplæring til vaksne med heimel i Opplæringslova, er ei kommunal utgift. Vestnes har til no drive vaksenopplæring med overskot på grunn av høge statsrefusjonar.
- **Tverrfagleg innsats på tvers av einingar:**
Arbeidet framover innanfor EKI vil dreie seg mot overføring av ansvar og oppgåver til eksisterande tenester. Dei busette flyktningane bør snarast mogleg bli behandla som ordinære innbyggjarar i kommunen med dei rettar og pliktar det inneber. Dei må yte sjølv for å bli ein del av lokalsamfunnet. Dette må vi jobbe saman om for å lykkast.
- **Frå busett flyktning til ordinær innbyggjar – m.a. overgang frå kommunal leigd til privat leigd/ eigd bustad, frå arbeidstrening til ordinært arbeid**

Kap 2.2.9 Kulturskule, frivilligsentral og bibliotek

- **Vestnes Kulturskule, Allmenn kultur, Frivilligsentralen, Biblioteket**

Muligheter i planperioden:

- Ei vidareutvikling av det gode samarbeidet mellom einingane i kultur og fritid, vil føre til inspirasjon, nytenking og gode resultat.
- Nye lokale vil gje eit framtidsretta bibliotek som løftar fram lokal identitet og som fungerer som katalysator for aktivitet, oppleving og skaparglede. Eit kontorfellesskap med Frivilligsentralen vil vere ein styrke for eininga.
- Det må arbeidast for å få på plass godt integreringsarbeid, mellom anna ved å følge opp rapporten «Kulturliv og frivilligheit som integreringsarena i Vestnes kommune».
- Det ligg mange mulegheiter i å tydeleggjere Frivilligsentralen si rolle som bindeledd mellom frivilligheita og det offentlege, og i arbeidet med å vere ein støttespelar og rettleiar for frivilligheita.
- Den nye rammeplanen for kulturskulen «Mangfald og Fordjuping» er kulturskulen sitt eige kunnskapsløft. Det vil ligge i botnen for vidareutvikling og vil gje eit kvalitetsløft for kulturskulen.

Utfordringar i planperioden

- Det er ei utfordring at det ikkje er ein eigen kommunalsjef for Kultur, idrett og frivilligheit. Det hadde vore ønskjeleg med ein ansvarleg for eininga som kunne arbeide overordna, heilskapleg og langsiktig med heile kulturfeltet.
- Det trengs ressursar for å slutføre Bygdebokarbeidet i krinsane Vike, Daugstad og Helland.
- Kulturskulen treng nye lokale, som er tilpassa ein moderne kulturskule sine behov, og som bidrar til eit levande læringsmiljø både for elevar og lærarar.
- Dei fem basisfaga i kulturskulen er musikk, dans, visuell kunst, skapande skrivning og teater. Vi manglar tre av desse, og det er ei utfordring.
- Frivilligsentralen sine møblar er gamle og utslitne på grunn av auka bruk, og det trengs ei fornying for å framleis kunne tilby frivilligheita gode lokale til møter og aktivitetar.
- Stadig auke i bruk av biblioteket sine tenester, og eit større samfunnsmandat gjennom forskrift til lov om folkebibliotek av 2014 gjer behovet for auka stillingsressurs større enn nokon gong.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Vestnes Kulturskule treng nye lokale. Dette er nødvendig for å utvikle kulturskulen vidare, og ikkje minst er det på tide å gje elevar og lærarar tilfredsstillande og godkjende arbeidsforhold.
- Fagfeltet kultur og frivilligheit må styrkast ved å opprette ei stilling som har det overordna ansvaret for kultur, idrett og frivilligheit.
- Stillingsressursen på biblioteket må aukast med ei 100% stilling
- Stillingsressursen på kulturskulen må aukast med ei 100% stilling, så ein kan få på plass dei basisfaga kulturskulen manglar.

Kap 2.2.10 Egedomsdrift

Muligheiter i planperioden:

- I dagleg drift har vi fokus på å etablere gode rutine m/dokumentasjon. (T.d. rutine for eigenkontroll og utbetring av installasjonar på leikeplassar skule/barnehage, eigenkontrollar elektro, brann, sjekke ventilasjonsfilter m.m.)
- Samarbeid med andre einingar.
- I eininga har vi fokus på samarbeid, involvering og dialog. Sikrar medarbeidar-involvering, kan oppgåvene løysast på andre måtar, betre ressursutnytting m.m.
- Utnytte fordelene ved at eininga er lita, godt samarbeid, og godt arbeidsmiljø.
- Fleire større investeringsprosjekt der eininga er deltakar.

Utfordringar i planperioden

- Det er stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg og uteområde.
- Mange melder inn behov om endring av t.d. lokale. Det kan være at dei ikkje er tidsriktig for aktuell tenesteproduksjon, at bruken av lokale endrar seg (t.d. til å bli arbeidslokale).
- Kapasitet. Brukar ein god del midlar på innkjøp av eksterne ressursar då vi ikkje har kapasitet eller kompetanse til å gjere jobben sjølv. (T.d. snikkar, måling av bygg, elektro.) Ein del tiltak blir ikkje gjennomført «i tide» då vi ikkje har nok kapasitet til å planlegge og sette i verk tiltaket.
- Kjem inn ein del må-tiltak som det ikkje er lett å planlegge for. Typisk er ombygging av leilegheit fordi omsynet til brukar (eller tilsette) tilseier at noko må gjerast no.
- Uforutsette utgifter som t.d. at teknisk anlegg treng nye reparasjon. Ofte er anlegget av eldre dato og det ikkje så lett å få tak i det ein treng. Reparasjonane viser seg ofte å bli dyre.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Framleis stort behov for oppussing/oppgradering av eigedomane. Det gjeld både formålsbygg, utleigebustader og uteområde. Omfanget er større enn det vi har kapasitet til, må takast over fleire år.
- Arbeidstilsynet har fokus på at kommunane skal kartlegge og vurdere risikoen av asbest i offentlege bygg og anlegg. Gjeld bygg som er frå før 1985. I enkelte bygg kan vanleg vedlikehald bli mykje dyrare enn vi først reknar med.

Kap 2.2.11 Tekniske tenester

Muligheter i planperioden:

- Gjennomføre fleire viktige investeringsprosjekt innafor t.d. nye bustad - og industriområder, veg/gangveg, avløp/avløpsreinsing, 1.trinn på Sjøfronten m.m.
- Digitalisere fleire søknadsprosessar for å spare tid og sikre kvalitet.
- Ny kartportal på internett – tilpassa bruk på mobiltelefon, nettbrett og PC.
- Forbetre planlegging og gjennomføring av driftsoppgåver.
- Framleis kunne innfri tidskrav på saksbehandling innan dei ulike ansvarsområda.

Utfordringar i planperioden

- Å skaffe/behalde kvalifiserte fagfolk innafor alle dei forskjellige fagfelta kommunen skal yte tenester i. Siste eksempel er liten respons på 2. gongs utlysing av ledig stilling som Landmålar/GIS-ingeniør – noko som er eit av basisfagfelta innanfor sektoren.
- Det ser også ut til at vi framleis vil ha større etterspørsel etter tenester (både fag og volum) enn kva vi har kapasitet til. Noko av dette kan løysast ved meir bruk av eksterne konsulenttenester, men kostnadane her er store m.o.t. timeprisar og omkostningar.
- Eininga femner veldig mange fagområder, - både «populære og mindre populære», svært synlege og mindre synlege. At alle desse er viktige og lovpålagde kan vere utfordrande å kommunisere både til politikarar og kundar/innbyggjarar.
- Generelt for knappe driftsbudsjett på mange av ansvarsområda.
- Vi er ein liten organisasjon med få tilsette (samanlikna med kommunar i same storleik). Difor vert dei ulike fagmiljøa også små (1 og 2 tilsette pr.fag) og sårbare for endringar.
- Sjølv om vi har dyktige fagfolk, krev alle fagområda kompetanseutvikling for å møte nye behov og krav.
- Brann og beredskap – Dimensjoneringsforskrifta gir føringar for korleis lokale brann- og redningsvesen skal organiserast, dimensjonerast og kva kompetansekrav som skal stillast. Det blir i løpet av 2017 gjort vedtak om dimensjoneringsforskrifta, og nye krav kan gi store utfordringar for lokalt brannvesen både økonomisk og fagleg.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Bidra til at Tekniske tenester og Vestnes kommune vert ein endå meir attraktiv arbeidsplass for dyktige fagfolk.
- Stå saman med administrasjonen også «når det bles».
- Gje driftsbudsjett som gjev rom for fleire stillingar.
- Gje driftsbudsjett for å utføre driftsoppgåver som delvis er forsømt.

Muligheter i planperioden:

- Det er eit godt og ukomplisert forhold mellom kommunestyret, den administrative leiinga og dei tillitsvalde. Tillit mellom partane er eit godt utgangspunkt for trepartsamarbeidet.
- Auka fokus på IA-avtalen, strategien vidare på kort og lang sikt
- Vidareutvikle eit godt organisert samarbeid mellom tillitsvalde og den administrative leiinga.
- Vidareutvikle ei godt organisert verneteneste med HVO og 30 verneområde
- Bygge vidare på dei arbeidsmiljøprosjekta som har hatt godt resultat. Gjennomføring i fleire einingar.

Utfordringar i planperioden

- Sjukefråveret – halde trykket oppe i dette arbeidet. Involvere heile organisasjonen i eit strukturert og langsiktig arbeid.
- Alle sektorar melder om rekrutteringsutfordringar når det gjeld fagkompetanse.
- Tenestene i kommunesektoren blir i aukande grad spesialiserte. Ein kommune på Vestnes sin storleik kan ikkje møte alle desse krava. Det må difor arbeidast breitt med ein kompetanseplan der vi set rammene for kva krav som MÅ stettast, og på kva område vi evt på samarbeide interkommunalt eller kjøpe tenester.
- Korleis løyser vi deltidsproblematikken i dei ulike sektorane?

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Kommunestyret er arbeidsgjevar og bør ha fokus på kva dette inneber i politikktutforminga lokalt.
- Kommunestyret bør vere godt informert om nasjonale reformer som set kompetansekrav, og kva faglege og økonomiske utfordringar dette gir Vestnes kommune.

Kap 3 Økonomiplan 2018 - 2021

3.1 Inntektsnivå, handlingsrom mm

Rammeoverføring frå staten

Vestnes kommune er av dei kommunane i Møre og Romsdal som får minst i rammeoverføring pr. innbyggjar frå staten. Rammeoverføring vert utrekna etter eit sett kriterier som er bestemt sentralt og skal gje ei rettferdig fordeling til kommunane etter forventa utgiftsbehov.

Skatteinntekter

Vestnes kommune er ein minsteinntektskommune, dvs at vi får lågare skatteinntekter pr. innbyggjar enn landsgjennomsnitt. Vår skatteinngang er ca. 86,0 % av landsgjennomsnitt. Delar av mindre skatteinntekt får vi kompensert gjennom inntektsutjamning slik at vi samla får knapt 95,0 % av landsgjennomsnitt. Vi har liten påverknad på kor stor skatteinntektene til kommunen vert, det er talet på innbyggjarar i kommunen og skatteinngangen på landsbasis som er avgjerande.

Eigedomsskatt

Vestnes kommune har 4 promille eigedomsskatt. Det utgjer ei årleg inntekt på 19,0 mill. kr. Det er høve til å auke den til 7 promille. Administrasjonssjefen vil ikkje i planperioden komme med framlegg om å auke eigedomsskatten. I motsetnad til ein del andre kommunar i fylket/landet har vi har ikkje nokon spesielt store bedrifter/anlegg i kommunen som betaler mykje i eigedomsskatt.

Vertskommunetilskott

Statleg tilskott for å gje tilbod til psykisk utviklingshemma som før 1991 budde på sentralinstitusjonen Hellandheimen og som fortsatt vart buande i Vestnes. Tilskottet her vert trappa ned i takt med at talet på vertskommunebrukarar vert redusert.

Med unntak av eigedomsskatt er det Stortinget som legg føringar for kor store dei fleste eksterne inntektene til kommunen er. Kommunen har liten, eller ingen, påverknad på kor store inntektene vert.

3.2 Nasjonale føringar og forventningar til kommunane

Kommuneproposisjonane som blir sendt frå regjeringa til Stortinget i mai kvart år, har dei siste åra vore prega av følgjande:

1. Kommunane må vere budde på strammare offentlege budsjett i framtida. Likevel lagt opp til realvekst i kommunesektoren dei første åra.
2. Kommunesektoren skal framleis vere grunnmuren i velferdsamfunnet.
3. Offentleg sektor skal forenklast – effektiviseringspotensiale.
4. Omstilling gjennom ny teknologi – «Ny digital agenda» - effektiviseringspotensiale.
5. Kommunereform.
Større kommunar skal gi betre velferdstenester og møte dei utfordringane samfunnet står overfor i framtida – meir spesialiserte tenester, høgt kompetansenivå, aukande konkurranse om kompetent arbeidskraft, digitaliseringskrav.

6. Fram mot 2040 vil talet på innbyggjarar over 67 år verte dobla. Aktiv eldrepolitikk som skal anna fokus enn «eldreomsorg». Det skal leggjast fram ein samla strategi for ein moderne eldrepolitikk.
7. Legge til rette for auka brukarval.
8. Vidare satsing på utbygging av omsorgsbustader og institusjonsplassar.
9. Samhandlingsreforma skal vidareførast – meir oppgåver blir lagt til kommunane innan helse/omsorg, og det blir lagt økonomiske føringar for utbygging av skulehelsetenestene, rusomsorga og psykisk helsearbeid.
10. Ny nasjonal demensplan 2020 – «Et mer demensvennlig samfunn».
11. Nye og utvida krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus – kommunalt ansvar
Nye krav til kompetanse i legevakt, krav til kommunal øyeblikkeleg hjelp.
12. Folkehelsearbeidet skal prege alle sektorar.
13. Barnevernsreform – auka oppgåver og ansvar til kommunane frå 2018.
14. Endringar i barnehagane. Auka krav til kompetanse. Stortingsmelding 19 (2015-2016) om auka ambisjonar om barnehagens innhald.
15. Grunnskule – tidleg innsats. Tilpassa opplæring. Mobbefrie skular. Auka krav til kompetanse for lærarar som skal undervise i norsk, engelsk og matematikk.
16. Fokus på å utvikle eit meir helsefremjande miljø og beskytte befolkninga mot miljøfarer som støy, luftforurensning, miljøgifter, stråling, dårlig inneklime, risiko for ulykker og skader, samt mat- og vannbårne sjukdommar.
17. Brann og beredskap – Dimensjoneringsforskrifta gir føringar for korleis lokale brann- og redningsvesen skal organiserast, dimensjonerast og kva kompetansekrav som skal stillast. Det blir i løpet av 2017 gjort vedtak om dimensjoneringsforskrifta, og nye krav kan gi store utfordringar for lokalt brannvesen både økonomisk og fagleg.

Alle desse nasjonale krava finn vi att i sektorane sine vurderingar av muligheter og utfordringar. Dette utfordrar ein kommune på Vestnes sin storleik korleis ein fagleg, politisk og økonomisk kan møte dette.

3.4 Forventa driftsutfordringar i perioden

Vertskommunetilskott

Skal trappast ned i takt med fråfall av vertskommunebrukarar. Ei «sikringsordning» gjer pr i dag at ingen kommune skal få redusert tilskottet med meir enn ein viss sum pr. innbyggjar pr år. Denne ordninga gir Vestnes ein årleg reduksjon på ca. 2,5 mill. kr.

Vestnes er ein av dei kommunane i landet som får mest utbetalt i tilskott pr. brukar. Dagens nedtrappingsordning er svært god for kommunane med mange brukarar og lågt innbyggjartal, slik som Vestnes. Dersom Stortinget endrar denne ordninga, vil det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune.

Rammeoverføring

Rammeoverføring til kommunane vert fordelt etter eit sett nøytrale kriterier. Etter kommunereforma er gjennomført kan det være ein reell fare for at kriteria vert endra slik at

det vert meir til gunst for store kommunar. Då vil andre kommunar få tilsvarende mindre i rammeoverføring.

Differensiert arbeidsgjevaravgift.

Differensiert arbeidsgjevaravgift inneber at satsane varierer etter kvar verksemda er lokalisert. Satsane er lågare i distrikta enn i sentrale strøk. Vestnes var i lang tid plassert i sone 1, med høgst avgift 14,1 %.

Frå 01.07.14 vart vi sett ned til sone 2; 10,6%. Dette skal gjelde fram til 31.12.20. Innan den tid skal det være ny vurdering på kva sone vi skal være i. Dersom kommunen vert sett tilbake i sone 1 frå 2021 vil det bety 13,0 – 14,0 mill. kr i ekstra utgifter for kommunen, også det private næringsliv vil få auke i sine kostnader.

Auka rente og avdrag

Renta er i dag svært låg, vi betaler ned mot 1,5% rente på våre lån. Det er ikkje sterke signal om at den vil auke første åra, men vi må rekne med at den i slutten av planperioden og utover vil auke att. Kor mykje er helt umogeleg i dag å ha klare meiningar om. Med dei 3 store investeringsprosjekta vi skal fullføre dei neste 2 – 3 åra så vil lånegjelda auke med 350 – 400 mill. kr. Med dagens rentenivå og avskrivingsreglar vil rente og avdrag auke med minst 15,0 mill. kr pr. år frå år 2021. Aukar renta, vil summen verte høgere.

Større oppgåver overført frå fylke og stat til kommunane

I kjølevatn av kommune- og regionreform er fleire oppgåver overført til kommunane. Det kan bli ei utfordring både økonomisk og driftsmessig for mindre kommunar å klare å gjennomføre dette. Truleg må Vestnes gå inn i endå fleire interkommunale samarbeid. Viser til oppstillinga av nasjonale føringar ovanfor. Erfaring frå dei fleste reformer/nye oppgåver som kommunane får, er at det ikkje følgjer med nok økonomisk ressurs til å dekke auka utgifter.

Effektivisere/ strukturendring

I samband med at vi byggjer nytt helse- og velferdssenter og ny ungdomsskule må vi gjennomføre effektivisering av drifta innan desse områda for å kunne dekke auka renter og avdrag.

To gamle institusjonar skal leggest ned og samlast i eit nytt bygg. Det må gje innsparing på eigedomsdrift, men også må vi få meir rasjonell drift slik at ein kan spare inn personell på institusjonsdrifta.

Når alle ungdomsskuleelevane vert samla i eit bygg vert det redusert elevtal ved Tomrefjord skule. Elevtalet ved dei minste skulane er redusert siste åra. Kommunestyret har gjort vedtak om at skulestrukturen skal vurderast ny ungdomsskule er ferdig.

Administrasjonssjefen vil nok komme med framlegg om at dei to minste barneskulane vert lagt ned i planperioden. Dette er meir grunna i barnetal enn i økonomisk gevinst.

Auka digitalisering skal effektivisere drifta og gi gevinstrealisering. Dette må få utslag i bemanning i servicekontor, postmottak, løn og personal gradvis frå 2019. I andre tenester skal det gi gevinstar i form av auka effektivisering og betre kvalitet.

Auka antal eldre

Antall personar over 67 år vil auke i planperioden og vidare utover fram mot 2030. Det vil truleg krevje auka tenester frå kommunen, m.a. heimetenestene.

Enkeltmenneske sine rettskrav

Innan alle sektorar har innbyggjarane fått auka og langt tydelegare rettskrav. Det er ikkje eit **val** for kommunane om desse krava skal innfriast. Kommunane blir etterprøvde gjennom statlege tilsyn, forvaltningstilsyn og enkeltinnbyggjarar sin rett til å få vedtak overprøvd av Fylkesmannen. Her blir kommunale leiarar ståande i skvis mellom å halde kommunale budsjett og å halde seg innanfor lovkrava. Balansen kan til tider gjere leiarjobbane særskilte krevjande.

3.5 Investeringar i perioden

Nytt helse- og velferdssenter, ny ungdomsskule og rehabilitering av Tomrefjord idrettsbygg

I planperioden er det spesielt desse 3 store investeringsprosjekta som skal gjennomførast, og som vil krevje store ressursar både økonomisk og arbeidsmessig frå administrasjonen i kommunen. Endeleg kostnadsoverslag for desse prosjekta er enno ikkje ferdig men vi kan anslå ein brutto kostnad på rundt 600 mill. kr.

Fråtrekk for momsrefusjon, spelemiddeltilskott, frå Husbanken m.m. kan vi antyde ein kommunal **andel som må lånefinansierast på 350 – 400 mill. kr.**

Det er også ei utfordring å avklare kva som skal gjerast med bygg der drifta vert nedlagt. Dette er avklart for Tresfjord trygdeheim (skal seljast), og for Vestnes sjukeheim (heil eller delvis riving). Det er vedteke at den noverande ungdomsskulen skal ombyggast til kulturskule. Det er ikkje avklart eller drøfta kva som skal skje med Tresfjord skule og Fiksdal skule dersom skuledrifta vert lagt ned.

Andre investeringsprosjekt

I tillegg til dette er det ei rekkje investeringsprosjekt det er ynskje om å få gjennomført, både på inventar og utstyr, rehabilitering av eksisterande bygningsmasse og kommunale vegar. Vi må også ha tilgjengeleg næringsareal og bustadområde. Når det gjeld bustadområde, er det ikkje sikkert at vi til kvar tid kan ha tilgjengeleg attraktive tomter i alle bygdelag. Kanskje må det være slik at det vert gjort bindande avtale om kjøp av eit visst antall tomter før kommunen klargjer byggjefelta.

Som følgje av dei 3 store investeringstiltaka nemnt ovanfor vil lånegjelda auke betydeleg. For å unngå ytterlegare auke i lånegjelda, og dermed auka renter og avdrag, rår administrasjonssjefen til at det vert sett ei øvre årleg investeringsramme. Denne bør ikkje overstige det vi betaler i avdrag, ca 16,0 mill. kr. Inklusiv i dette bør ligge investeringar til sjølvkost.

Det kan bli svært utfordrande å halde seg innanfor desse rammene, og politisk bør det vurderast om det er mulig.